



Folkerettsekspert Cecilie Hellestveit fotografert under TV-sending.

**Østeneksperter Cecilie Hellestveit er kjend for mange i Uskedalen. Ho voks opp i her i bygda og gjekk på skulen her før utdanning på universitetet. Siste dagane har ho vore mykje i nyhetene som ekspert, i samband med den triste terrormassakren i Paris.**

I ei tid med terror og fokus på Midt-Austen vert Cecilie, med hennar kompetanse og store kunnskap, mykje brukt i media.

Ho er ein god og levande formidlar og let oss få innsyn i eit omfattande tema på ein forståeleg måte.

I tida i Uskedalen var Cecilie aktiv i ungdomslaget sitt barnelag og i gammaldansgruppa. Ho var og med i skulemusikken.

Etter at ho flytta herfrå tok ho ei solid utdanning og er i dag ekspert på folkerett med Midt-Austen som spesialområde. Ho har jobba med Midt-Austen i ei årrekkje og var mellom anna fredsobservatør under Oslo-avtalen. Ho har seinare teke doktorgrad innanfor dette emnet ved juridisk fakultet ved universitetet i Oslo. Ho jobbar no ved International Law and Policy Institute, tilknytta same universitet.

Cecilie er svært språkkunnig, og ho beherskar spansk, fransk, arabisk, russisk og engelsk i tillegg til morsmålet.

Ho bur no i Oslo saman med sambuar og 3 små gutar.

Ved å klikka på denne linken kan de høyra og sjå Cecilie Hellestveit i nyhetene på NRK i går: <http://www.nrk.no/nyheter/cecilie-hellestveit-om-angrepet-1.12136787>

Tekst: Kristian O. Bringedal/Thor Inge Døssland  
Nett og foto frå TV-sending: Thor Inge Døssland